



Ølensjøen

## VEDTEKTER FOR

Ølensjøen FUS barnehage as

Godkjent i styret 22. oktober 2004

Revidert av styret 24. januar 2023

### 1. Barnehagen er eigd og vert driven av

Ølensjøen FUS barnehage as

### 2. FORMÅL

Aksjeselskapet sitt formål er på best mogeleg måte å etablere og driva Ølensjøen FUS barnehage i Vindafjord kommune.

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heime ivareta barna sine behov for omsorg og leik, og fremma læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal byggje på grunnleggjande verdiar i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfridom, nestekjærleik, tilgiving, likeverd og solidaritet, verdiar som kjem til uttrykk i ulike religionar og livssyn og som er forankra i menneskerettane.

Barna skal få utfolde skaparglede, undring og utforskartrøng. Dei skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggjande kunnskapar og dugleik. Dei skal ha rett til medverknad tilpassa alder og føresetnader.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommen sin eigenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i leik og læring, og være ein utfordrande og trygt stad for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

#### Barnehagen skal drivast i samsvar med:

- a) Lov om barnehagar og dei av Barne- og familiedepartementet til ei kvar tid fastsette forskrifter og retningslinjer
- b) Rammeplan for barnehagar
- c) Vedtektene i Ølensjøen FUS Barnehage
- d) Verksemdsplan/årsplan for barnehagen.
- e) Lov om internkontroll og barnehagen sine eigne tryggleiks-/internkontrollrutinar
- f) Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular
- g) Forskrift om tryggleik ved leikeplassutstyr

Eigne sjekklister og dokumentasjon for internkontroll fins i barnehagen sitt HMT-system og beredskapsplan.

### 3. BARNEHAGEN SINE ORGAN:

#### 3.1 Eigarstyret



Eigarstyret er økonomisk ansvarleg for aksjeselskapet og skal vera eit kontrollorgan for barnehagen. Vidare fungerer eigarstyret som barnehagen sitt øvste organ mellom generalforsamlingane.

### 3.2 **Årsmøtet (Generalforsamling)**

Årsmøtet (generalforsamlinga) er barnehagen sin øvste myndigheit. Det er egne vedtekter for aksjeselskapet.

### 3.3 **Foreldreråd**

For å sikre samarbeidet med barna sin heim, skal barnehagen ha eit foreldreråd.

- a) Foreldrerådet består av foreldre/føresette til alle barna i barnehagen og skal fremma deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skapar eit godt barnehagemiljø.
- b) Foreldrerådet har mynde til å vedta at foreldrebetalinga skal setjast høgare enn maksimalsatsen ref § 4 forskrift om foreldrebetaling.
- c) Barnehageeigar skal sørge for at saker av viktigheit blir førelagt foreldrerådet.
- d) Ved avstemming i foreldrerådet gis ei stemme for kvart barn, og vanleg fleirtalsvedtak gjeld.

### 3.4 **Samarbeidsutvalet (SU)**

For å sikra samarbeidet med barna sin heim, skal barnehagen ha eit samarbeidsutval.

- a) SU skal vera et rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.
- b) Foreldra og dei tilsette vel kva ein representant kvar pr avdeling til SU. Det vil seie at kvar avdeling skal representerast av ein føresett og ein tilsett.
- c) Dagleg leiar er eigars representant i SU. Som eigar sin representant har dagleg leiar stemme-, møte, tale- og forslagsrett i SU.
- d) SU blir valt for eit år om gongen og konstituerer seg sjølv (val av leiar og sekretær)
- e) SU held møter etter ein oppsett plan, eller etter behov. SU leiar innkallar til og leiar møta i SU. Dagsorden skal følgja møteinnkallinga.
- f) Ved likt stemmetal på samarbeidsutvalsmøta avgjer dagleg leiar si stemme.
- g) SU skal blant anna behandla årsplanen for den pedagogiske verksemda, bli førelagt og har rett til å uttale seg i saker som er viktige for barnehagen sitt innhald, verksemd og forholdet til foreldra. I tillegg kan utvalet ha ansvaret for å planlegge samt gjennomføre ulike sosiale arrangement i barnehagen som juletrefest og sommaravslutning.

### 3.5. **Foreldremøte**

Det skal avhaldas minst to foreldremøte i året. Dagleg leiar har ansvar for innkalling og gjennomføring.

## 4. **OPPTAK - OPPSEIING**

### 4.1 **Overordna målsetning:**

Ved opptak av barn skal det leggjast vekt på at barnehageloven sin formålsparagraf blir ivaretatt og barnehagen sin kapasitet og funksjon blir utnytta best mogeleg.

Opptakskrins: Som hovudregel skal opptak gjerast av barn som er busett i Vindafjord kommune. Unntak er barn av personale eller dersom barnehagen har ledig kapasitet.



#### 4.2 Tilbod:

Barnehagen har følgjande tilbod:

- . 100 % - 5 dagar / veke
- . 80 % - 4 dagar / veke
- . 60 % - 3 dagar / veke

Ved ledig kapasitet i barnehagen kan foreldre/føresette med barn som disponerer redusert plass kjøpe seg enkeltdagar i barnehagen. Dette må avtalast med pedagogisk leiar eller dagleg leiar.

#### 4.3 Prioritering:

Det er innført rett til plass i barnehage: barn som fyller eit år seinast innan utgangen av august det året blir søkt barnehageplass for, har rett til plass frå august dette året (barnehage-lova §12a)

Dersom det er fleire nye søkjarar enn ledige plassar, skal barna prioriterast slik:

- a) Barn med nedsatt funksjonsevne har rett til prioritet ved opptak i barnehage. Det skal foretas en sakkyndig vurdering fr å vurdere om barnet har nedsatt funksjonsevne. jfr. Lov om barnehager § 18. Barn som det er fattet vedtak om etter lov om barnevernstjenester § 5-1 første ledd bokstav a til d, § 3-1 og § 3- 4 første ledd bokstav b, har rett til prioritet ved opptak i barnehagen
- b) Barn med lovfesta rett til barnehageplass. Jfr Lov om barnehagar § 16
- c) Barn av personale kan gis prioritet dersom tilbod om barnehageplass fordrast for å rekruttera kvalifisert personale.
- d) Barn av
  - einslege forsørgjarar
  - foreldre/føresette som på grunn av alvorleg sjukdom/funksjonshemming mot tar stønad frå Nav
  - foreldre/føresette som mottar introduksjonsstønad (flyktningar)
- e) 5 åringar
- f) Barn som har søsken i same barnehage.
- g) Eldre barn blir prioritert framfor yngre barn.

Opptakskriteria a, b og c gjeld underføresetnad av at tilfredsstillande dokumentasjon blir lagt fram.

#### 4.4 Opptaksmyndighet:

Barnehagen er med i samordna opptak i Vindafjord kommune. Kommunen gjer ein gong i året opptak for barnehageåret til alle barnehagane i kommunen. Opptaket skjer etter innstilling frå styrarar/dagleg leiar. Kommunen og Ølensjøen FUS barnehage as skal holda kvarandre gjensidig orientert om ledige plasser og nye søkjarar, og så langt råd er samordna supplerande opptak som kommunen og Ølensjøen FUS barnehage, kvar for sin del, har ansvaret for.

Ved tildeling av plass signerer foreldre/føresette på at dei har godkjent barnehagen sine vedtekter.

#### 4.5 Klagerett



Søkjarar som har fått avslag på sitt 1. eller 2. val av barnehageplass ved hovudopptaket har klagerett. Klagefristen er 3 veker etter at meldinga er mottatt eller søkjar burde ha skaffa seg kunnskap om avgjerda jfr § 9 i Forskrift om saksbehandlingsreglar ved opptak i barnehagen. Klagen må framsetjast skriftleg til kommunen og den skal grunngias. Kommunen Skal undersøkje dei forhold klagen grunngir og leggje klagen fram for barnehageeigar jfr forskrift § 7 og 8.

Den som får medhald i sin klage vil få tilbod om neste ledige plass i barnehagen.

Ved supplerande opptak kan kun søkjarar med lovfesta rett til barnehageplass klage dersom dei ikkje blir tilbydd plass jfr. føreskriftene § 6.

#### **4.6 Opptaksperiode:**

Barn som får plass i Ølensjøen FUS barnehage har fast plass fram til 1. august det året barnet byrjar på skulen eller til plassen vert sagt opp.

Eit barnehageår går frå 1. august til 31. juli.

#### **4.7 Permisjon:**

Permisjon kan berre gjevast for eit avgrensa tidsrom dersom særlege tungtvegande grunnar skulle tilsei at dette er rimeleg. Særleg tungtvegande grunnar kan f.eks. vera at barnet sin forsørgjar misser si økonomiske forsørgjarevne.

Permisjonen blir avgjort av eigarstyret og kan kun bestemmast for inntil 12 månader om gongen. Eit nytt barn får tildelt plassen i permisjonstida og skal bli tilbydd det barn som har best prioritet etter reglane i barnehagen.

#### **4.8 Oppseiing av plass:**

Ein plass skal seiast opp skriftleg med 2 månadars varsel. Oppseiingstida vert rekna frå den 1. i påfølgjande månad.

Oppseiingstida er gjeldande om ein takkar ja til plass, men ønskjer å stå vidare på venteliste til 1. ønskje.

Eigarstyret beheld retten til å krevja full betaling i oppseiingsperioden. Plassen kan overtakast av eit anna barn i oppseiingstida dersom barnehagen har fylt opp alle sine plassar og det nye barnet som får tilbod om plass, ønskjer å begynne før.

Barnehageplass som seies opp frå og etter 1. april må bli betalt ut barnehageåret. Sjekk barnehageåret i punkt 4.6 i vedtektene. Det betyr at barnehageplass som blir nytta etter 31.05 fakturerast og må betales ut barnehageåret

#### **4.9 Endring av opphaldstid:**

Ønskje om endring av plasstype/storleik må sendast skriftleg til dagleg leiar. Reduksjon av storleik på plass blir sett på som oppseiing av deler av barnehageplassen med to månader oppseiingsfrist.

## **5. AREALUTNYTTING**



Barnehagens leike- og opphaldsareal er satt til 4,0 m<sup>2</sup> netto pr. barn over 3 år og 5,3 m<sup>2</sup> netto for barn under 3 år. Kor mange barn som ut frå dette kan ha plass innanfor barnehagen sitt totale areal, må likevel vurderast konkret ved kvart opptak.

Vedrørande arealutnytting gjeld til ei kvar tid "Lov om barnehagar".

## **6. OPNINGSTIDER**

Barnehagen held ope fem dagar i veka frå kl. 06.45 - 17.00. Undersøking av behov kan endre den endelege opningstida. Opphaldstid for det einskilde barn skal avgrensast til innafor angitt opningstid. Barna skal leverast og hentast innafor den fastsette opningstida.

Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open til kl. 12.00. Julaftan og nyttårsaftan held me stengt.

Opningstider i romjula, påskeveka og juli månad: 6.45-16.00.

Barnehagen har stengt 5 planleggingsdagar i året. Nærare beskjed må bli gjeven i god tid.

## **7. FERIE**

Barnehagen er stengd i veke 29.

Det er ein føresetnad av at alle barn har ferie saman med sine føresette. Alle barn skal ha 4 vekers ferie i løpet av året, 3 av dei skal vera samanhengande mellom 20. juni og 20. august. Søknad om å avvikle ferien i eit anna tidsrom kan gjevast dersom det kan skje utan ekstra kostnader for barnehagen. Søknaden må leverast dagleg leiar i god tid.

Foreldra skal så snart som mulig i april gje melding om kva tid barna skal ha sommarferie, og seinast innan 15. april.

## **BETALING**

Foreldrebetaling for ein plass i Ølensjøen FUS barnehage as skal ikkje setjast høgare enn maksimalgrensa. Maksimalgrensa blir fastsett i Stortinget sitt årlege budsjettvedtak. Det skal betalast for 11 månader i året og juli er betalingsfri månad. Kostpengar kjem i tillegg.

Ved fråvær må avgifta betalast. Det regnast for fråvær dersom barnet ikkje møter i rett tid etter ferien. Uregelmessig betaling kan forårsake at barnet misser plassen.

Foreldrekontingenten forfell til betaling forskotsvis den 1. i kvar månad. Dersom foreldre kontingenten ikkje er betalt innan forfall på inkassovarsel mister barnet plassen i barnehagen. Vanlege reglar for oppseiing vil gjelde, sjå pkt 4,8.

## **9. MAT**

Det blir servert 3 måltider i barnehagen pr. dag. Frukost, lunsj og frukt/påsmurte skiver om ettermiddagen.



## 10. HELSEMESSIGE FORHOLD / FRÅVÆR

Forskrift for miljøretta helsevern i barnehage og skule, samt arbeidsmiljøloven slår fast at barnehagen som verksemd og arbeidsplass skal vera helsefremmande. Det betyr at barn og tilsette ikkje skal utsetjast for unødvendig smitte.

Dersom eit barn er sjukt eller har fråvær av andre grunnar, må barnehagen ha melding om dette så snart som mulig. Uregelmessig frammøte utan at det vert gitt melding til barnehagen kan medføra at barnet misser plassen.

Sjuke eller sterkt forkjøla barn må haldast heime dersom det føreligg smittefare.

Dersom barnet ikkje kan vera ute og delta i aktivitetar på lik linje med dei andre barna, bør barnet haldast heime. Dagleg leiar avgjer i tilstilfellet om barnet kan vera i barnehagen.

## 11. ANSVAR

Personalet har ansvar for barna den tida dei er i barnehagen. Eigarstyret er pålagt å teikne ulykkesforsikring for barna.

Levering og henting av barna er foreldre/føresette sjølv ansvarlig for. Den som følgjer barnet til barnehagen må ikkje forlate barnet før det har vore i kontakt med personalet.

Barna skal hentast av ein vaksen person som er kjent for personalet i barnehagen. Dersom barnet skal hentast av ein annen person enn den/dei som vanlegvis hentar barnet, skal barnehagen ha beskjed frå barnets foreldre/føresette om kven som skal hente barnet.

Beskjedar gis direkte til personalet.

Aksjeselskapet/personalet har ikkje ansvar for barna sine klede eller andre ting dei eig.

Personalet må ikkje ta med barna som passasjerar i eigen bil eller offentlig transportmiddel utan sikring iht føreskrifter, og at det føreligg skriftlig samtykke frå foreldre/føresette.

## 12. INTERNKONTROLL

Barnehagen har internkontrollsystem i samsvar med forskrift om systematisk helse, miljø og sikkerhetsarbeid (internkontrollforskriften) og barnehagelovens § 9 om innternkontroll. Dokumentasjon blir oppbevart i barnehagen. Internkontrollperm for helse, miljø og sikkerhetsarbeid er utarbeidet for barnehagen og holdes kontinuerlig oppdatert av daglig leder.

## 13. DAGLEG LEIAR / PERSONALE

### 13.1 Tilsetjingar

Barnehagen sin daglege leiar vert tilsett av eigarstyret. Dagleg leiar representerer barnehagens sin eigar og er barnehagen sin daglige administrative og pedagogiske leiar.



Dagleg leiar rapporterer til eigarstyret.

Øvrige personale blir tilsett av dagleg leiar.

Politiattest må leggest fram ved tiltreding.

### **13.2 Instruks**

Instruks for dagleg leiar vert fastsett av eigarstyret i barnehagen.

### **13.3 Kompetanseutvikling**

Kommunen vil gi barnehagen tilbod om å delta i generell tiltak for utvikling av kompetanse på lik linje med personalet i kommunen sine barnehagar. Barnehagen betaler sjølvkost med same beløp som alle andre bh (kommunale/private) i Vindafjord kommune for deltaking i Slike tiltak. Ølensjøen FUS barnehage skal få tilbod om å delta i nettverk som eksisterer mellom kommunale barnehagar i Vindafjord kommune.

### **13.4 Pedagogisk opplegg**

Barnehagen skal drivast etter allment godkjente og aksepterte pedagogiske metodar og innfor dei rammene som til ei kvar tid er fastsett i lover med tilhøyrande forskrifter. Barnehagen skal gjera seg kjent med og leggja opp drifta frå år til år med grunnlag i dei pedagogiske satsingsområda som gjeld for kommunale barnehagar og grunnskulen i Vindafjord kommune.

## **14. MISLIGHALD**

Dersom foreldre/føresette som har barn i barnehagen bryt eller unnlèt å følgje barnehagen sine vedtekter, foreldrerådets retningslinjer og slutningar kan eigarstyret gå til oppseiing av plassen med øyeblikkeleg verknad. Vanlige reglar for oppseiing vil då gjelda, sjå punkt 4.8.

Dersom barnet gjentatt vert henta etter barnehagen si ordinære stengetid og dette medfører ekstra lønnskostnader for barnehagen, kan eigarstyret pålegge foreldre/føresette å betale denne ekstra kostnaden.

## **15. ORIENTERINGSPLIKT**

**15.1** Barnehagen skal så snart som råd er etter at avgjerder er tatt rapportere til kommunen om endringar i talet på barn, barna sin alder, opphaldstid og eventuell organisering m.v.

**15.2** Barnehagen har plikt til å rapportere om og dokumentere at, arbeidsforholda er i samsvar med gjeldene lovverk, tariffavtaler og HMT-forskrifter.

**15.3** Barnehagen plikter pr. 1. mars kvart år, å gi kommunen orientering om opningstider, prisar, mulige ordringar med depositum, sommarlukking andelsinnskot/depositum, deling av plasser o.a. dersom endringar.

## **16. SNUS OG RØYK**

Barnehagen er snus- og røykfri



## 17. TAUSHETSPLIKT og OPPLYSNINGSPLIKT

Dei tilsette i barnehagen har teieplikt ihht Barnehageloven sin § 44 og opplysningsplikt ihht barnehageloven § 45 § 46. Einkvar som utfører teneste eller arbeid etter denne lova, pliktar også å gi opplysningar etter pålegg i samsvar med barnevernslova § 13-4.

### § 44. Teieplikt

For verksemda etter denne lov gjeld reglane om teieplikt i forvaltningsloven §§ 13 til 13f tilsvarende.

### § 45. Opplysningsplikt til sosialtenesta

Barnehagepersonalet skal gi sosialtenesta bistand i klientsaker. De skal i sitt arbeid være merksam på forhold som bør føre til tiltak fra sosialtjenestens side, og de skal av eige tiltak gi sosialtjenesten opplysningar om slike forhold. Av eigne tiltak kan opplysningar berre gjevast etter samtykke fra klienten, eller så langt opplysningane ellers kan gis utan hinder av teieplikt. Opplysningar skal normalt gjevast av styrar.

Endrast ved lov 24 juni 2011 nr. 30 (ikr. frå den tid Kongen bestemmer).

### § 46. Opplysningsplikt til barnevernstenesta

Barnehagepersonalet skal i sitt arbeid være merksam på forhold som kan føre til tiltak frå barnevernstenesta si side.

~~Den~~Uten hinder av taushetsplikt skal barnehagepersonalet av eget tiltak gi opplysninger til barneverntjenesten, når det er grunn til å tru at eit barn blir mishandlet i hjemmet eller det foreligger andre former for alvorlig omsorgssvikt, jf. lov om barneverntjenester § 4-10, § 4-11, § 4-12, eller når et barn har vist vedvarande alvorlige adferdsvansker, jf. samme lov § 4-24. Også etter pålegg fra de organer som er ansvarlige for gjennomføringen av lov om barneverntjenester, plikter barnehagepersonalet å gi slike opplysninger. Opplysninger skal normalt gis av styrer.

som utfører teneste eller arbeid etter denne lova, skal utan hinder av teieplikt melde frå til barnevernstenesta utan ugrunna opphald

a) \_\_\_\_\_ når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli mishandla, utsett for alvorlege manglar ved den daglege omsorga eller annan alvorleg omsorgssvikt,

b) \_\_\_\_\_ når det er grunn til å tru at eit barn har ein livstruande eller annen alvorleg sjukdom eller skade og ikkje kjem til undersøking eller behandling, eller at eit barn med nedsett funksjonsevne eller eit spesielt hjelpetrengande barn ikkje får dekka sitt særlege behov for behandling eller opplæring,

c) \_\_\_\_\_ når det er grunn til å tru at eit barn blir eller vil bli utnytta til menneskehandel.

## 18. ENDRING AV BARNEHAGENS VEDTEKTER



Eigarstyret har myndigheit til å endre barnehagens vedtekter etter at endringsforslag er førelagt samarbeidsutvalet til uttale.

Mulige endringar i vedtektene knytte til organisasjonsform skal godkjennast av kommunen.

Opphavlege vedtekter av 22. oktober 2004 blei vedtatt av kommunen.

### **STADFESTING AV LESTE VEDTEKTER**

Eg/me er kjent med og aksepterer barnehagen sine vedtekter. Vedtekter (bl.a. avgjerder om oppseiingsfristar m. m) er bindande frå tilbodet om plass blir akseptert. Skal plassen seiast opp er det kun skriftleg oppseiing som er gjeldande.

Barnet startar.....Barnet sluttar 31. juli det året barnet byrjar på skulen.

Barnet skal ha .....% plass (størrelse på plass)

Dato

Underskrift

Svarslippen sendes inn ilag med "Svar på tildeling av barnehageplass"